# Allsidige friidrettsjenter

23.09.2012



Allsidig friidrettsjente: Kari Bråtun på veg mot mål på 100 meter: Kari Bråtun (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kvinnheradsmeisterskapet i friidrett vart avvikla på Husnes under framifrå vertilhøve i helga og dei få frå Uskedalen som stilte opp hevda seg godt og la stor allsidigheit for dagen.**



Allsidig friidrettsjente: Kathrine Saghaug (Foto: Ola Matti Mathisen)

Såleis presterte Kari Bråtun som går i 16-årsklassen no

serien 15,3 på 100 meter, 16,93 med 1 kilos diskos, 6,72 med 3 kilos kule og 2,47,8 på 800-meteren og var best i alle øvingane.

Kathrine Saghaug som går i 13-årsklassen sprang 60-meteren på 9,5 og var nummer 2. I lengde fekk ho også andreplassen med 3,40. Med 0,6 kilos diskos vart det tredjeplass med 13,55 medan ho gjekk heilt til topps i høgde med 1,20.

Solveig Haugland som er 13 sprang inn til andreplassen på 800 meter på tida 2,58,6 medan Veslemøy Haugland gjorde unna 600 meter på 2,02,5. Ho går i 12-årsklassen.



Far og dotter i aksjon under meisterskapet: Jostein Saghaug er funksjonær medan Kathrine hoppar lengde (Foto: Ola Matti Mathisen)